



Plan for overgang barnehage - skule



Kvifor ein slik plan?

Å styrke samanhengen mellom barnehage og skule er å legge til rette for heilskap i opplæringsløpet som tar i vare det enkelte barnet sitt behov. Det skal leggast til rette for at barn kan ta avskjed med barnehagen på ein god måte, glede seg til å byrje på skulen og oppleve at det er ein samheng mellom barnehage og skule. Det er difor viktig at det er gode samarbeidsrutinar mellom barnehage og skule.

I Kunnskapsdepartementet sin rettleiar ” Frå eldst til yngst – samarbeid og samheng mellom barnehage og skule”, påpeikas det at kommunen har eit overordna ansvar for å koordinere samarbeidet mellom barnehagar og skular i kommunen. Dette for å leggja til rette for ein best mogleg overgang frå barnehage til skule. Kommunen skal leggja premissar for samarbeidet.

Både i Rammeplan for barnehage og i skulen sin Læringsplakat, slås det fast at barnehage og skule skal samarbeide til barnets beste. Styrar og rektor har ansvar for å sørge for at samarbeidet mellom einingane fungerer best mogleg.

Planen tar utgangspunkt i ovannemnde rettleiar, og er sett opp som eit årshjul, med ein mest mogleg hensiktsmessig og naturleg fordeling av ansvar og oppgåver mellom skulane og barnehagane.

Kommunen har eit overordna ansvar for å sjå til at alle barn i kommunen får ein god overgang frå barnehage til skule. Denne overordna planen gjeld alle barnehagar og skular i Sauda, både kommunale og private. Ansvar er ligg på den enkelte barnehage og skule. Det må setjast av tid for pedagogar i barnehagar og skular slik at dei kan gjennomføra overgangsmøte. Det skal leggast opp til ein besøksdag for barn og foreldre, kor barna får møte kontaktlærar og rektor. Å la barna få høve til å bli fortrulege med dei fysiske omgjevnadane på skulen, kontaktlærar og rektor er med på å bidra til å skapa tryggleik i overgangen frå barnehage til skule.

Gjennom å etablera kontakt mellom pedagogar i barnehage og skule, er målet å skapa større forståing for kvarandre si verksemd, fagleg utveksling og drøfting. I tillegg får skulen god informasjon om kvart enkelt barn før skulestart, som bidrar til at skulen betre kan leggje til rette for det individuelle læringsløpet allereie frå skulestart. Informasjon frå barnehagen må ha fokus på kva barnet kan og meistarar, og på kva det kan trenge særskilt støtte til.

Når barnehagen gir informasjon om enkeltbarn, skal foreldra samtykke i dette. Foreldre har ein lovfesta rett og plikt til å ta avgjersler på vegne av barnet, jf. Barnelova § 30. Overgangen frå barnehage til skule skal skje i nært samarbeid med barna sin heim, og foreldra må vera med på å leggja premissane for overlevering av informasjon. Dei må få innsyn i og avgjera kva informasjon som skal følgje barnet over i skulen.

Del 1: Rutine for overgang barnehage- skule.

Del 2: Basiskompetanse barna bør ha innan sosial kompetanse, språk og matematikk når dei startar på skulen.

I tillegg til basiskompetansen som er nemnd i del 2, er det viktig at barna meistarar påkledning (glidelås, knyting), ha viss oversikt over eigne klede, sekk og matboks samt klare seg sjølv på toalettet før skulestart.

**DEL 1:
RUTINAR FOR OVERGANG**

BARNEHAGE – SKULE

TIDSPUNKT	TILTAK / AKTIVITET	ANSVARLEG	DELTAKARAR
September	Utarbeid eigen overgangsplan for barn med store spesielle behov.	Styrrar og PPT	Styrrar, rektor, PPT og foreldre
Oktober	Før 1. treffpunkt utarbeida plan for treffpunkt med dato og klokkeslett. 1.treffpunkt for 5 åringane- Konsert i sentrum «Være sammen».	Pedagogisk leiarar Pedagogisk leiarar	Alle 5 åringane og pedagogiske leiarar.
November	AnnONSE om innskriving i Ryfylke. Sende annONSE til barnehagane som informerer foreldra. Barnehagane tar eit «førhenvissningsblikk» på barna som skal skriva seg inn på skulen og ha samtale med PPT. Namneliste gis til dei aktuelle rektorane om barn som går siste året i barnehagen. Innskriving	Kommunalsjef Pedagogiske leiar og styrrar Styrrar i samarbeid med kommunalsjef Rektor	Kommunalsjef, styrrarar og rektorar. Pedagogiske leiarar, styrrar og PPT. Styrrar og kommunalsjef Rektor, foreldre og kommande elevar
Desember	Styrrar gir melding til rektor om barn som har rett til hjelp etter § 5 -7 og barn med anna ekstra hjelp/ tilpassing. Barnehagen innhentar godkjenning frå foreldre om å informere skulen.	Styrrar Pedagogisk leiar	Styrrar, rektor og eventuelt PPT. Pedagogisk leiar og foreldre.
Februar	2. treffpunkt for 5 åringane delt etter skulen sine kretsgrenser på Sauda vgs.- Fysikk og kjemi	Pedagogiske leiarar	Barnehagepersonale og 5 åringane

Mars	<p>Foreldresamtale i barnehagen med fokus på skulestart Innhentar tillating frå føresette for å gjennomføre overgangssamtalar med skulen.</p> <p>3.treffpunkt for 5 åringane delt etter skulen sine kretsgrenser- Tur i nærmiljøet</p>	<p>Styrar i samarbeid med pedagogisk leiar.</p> <p>Pedagogiske leiarar.</p>	<p>Pedagogisk leiar / føresette</p> <p>Barnehagepersonale og 5 åringane.</p>
April	<p>4. treffpunkt for 5 åringane delt etter skulen sine kretsgrenser- Vennskapsarmband og tomatsuppe</p>	<p>Pedagogiske leiarar</p>	<p>Barnehagepersonale og 5 åringane</p>
Mai	<p>I starten av mai skal skulen ha klart læraren som skal ha 1.klasse til hausten</p> <p>Overføringsmøte i løpet av dei to første vekene i mai med informasjon om alle barn (mai/ juni).</p> <p>Overføringsmøte, gjeld alle barn.</p> <p>Foreldremøte for foreldre til nye 1. klassingar.</p> <p>Informasjonsoverføring- elever med rett til § 5.1. Gjennomgang av barnet sitt funksjonsnivå, IOP, gode rutiner for tilvenning og oppstart i skulen.</p> <p>Ekstra overføringsmøte for andre barn med utvida behov.</p>	<p>Rektor</p> <p>Styrar i samarbeid med pedagogisk leiar rektor og 1.klasse lærar</p> <p>Kommande 1. klasselærer tar kontakt med barnehagane for overføringsmøte.</p> <p>Rektor og 1. klasselærer</p> <p>PPT</p> <p>Styrar</p>	<p>Pedagogisk leiar, 1.klasse kontaktlærer.</p> <p>Pedagogisk leiar og 1. klasselærer</p> <p>Foreldre, rektor og 1. klasselærer</p> <p>PPT, pedagogiske leidarar, 1. klasselærer, foreldre.</p> <p>Styrar, pedagogisk leiar, rektor, 1. klasselærer evt. hjelpeinstansar .</p>

	<p>5. treffpunkt for 5 åringane delt etter skulen sine kretsgrenser- Leik i barnehagen og graut.</p> <p>6. treffpunkt for 5 åringane delt etter skulen sine kretsgrenser - Besøksdag frå barnehagen på skulen.</p>	<p>Pedagogisk leiar</p> <p>Pedagogisk leiar og 1. klassemøte.</p>	<p>Barnehagepersonale og 5 åringane.</p> <p>Barnehagepersonale og 5 åringane.</p>
Juni	<p>Besøksdag på skulen og SFO for barn og foreldre. Skulane har felles dag for dette.</p> <p>Foreldremøte med barn. 6.treffpunkt for 5 åringane, laga vennskapsarmband</p> <p>Barnehagemappene må innehalda dokumentasjon av særskilte tiltak og mål.</p>	<p>Styrrar, rektor og kontaktlærarar</p> <p>Rektor Pedagogiske leiarar</p> <p>Styrrar</p>	<p>Barn, foreldre, 1. klasselærer og rektor.</p> <p>Barnehagepersonale og 5 åringane.</p>
August	<p>1.skuledag der føresette er med heile/deler av dagen.</p>	<p>Rektor, kontaktlærer</p>	
September/ Oktober	<p>Foreldresamtalar for føresette nye 1. klassingar.</p> <p>Foreldremøte for føresette til nye 1. klassingar.</p>	<p>Kontaktlærer</p> <p>Kontaktlærer</p>	<p>Lærer og føresette.</p> <p>Lærer og føresette.</p>
Revidering årleg	<p>På felles rektor-/styrarmøte skal denne planen evaluerast.</p>	<p>Kommunalsjef</p>	<p>Styrrarar, rektorar og kommunasjef</p>

**DEL 2:
FEMÅRINGANE BØR ERFARE FØLGJANDE**

Sosial kompetanse

MÅL	INNHALD	Arbeidsmåte, forslag til opplegg
Inkludering:	-Ha evne til å inkludera andre barn i leik -Kunne samarbeide om «leikereglane» (fordele roller, alle får komme med innspel, innrette seg etter andre).	«Være Sammen» Autoritativ vaksne
Toleranse og respekt	-Respektera at me er ulike og at me har ulike behov -Ha gjensidig respekt barn – vaksen -Ta kontakt med andre barn på ein positiv måte	«Være Sammen» Autoritativ vaksne
Turtaking	-Kunne stå i kø, og vente på sin tur -Vise delekultur	«Være Sammen» Autoritativ vaksne
Fungerer i fellesskap med andre barn	-Ha evne til å sjå seg sjølv som ein av gjengen -Tolerera at andre er før seg i køen -Kunne vera i leiken over noko tid. -Ha passe sjølvhevding og sjølvkontroll	«Være Sammen» Autoritativ vaksne
Ta imot felles informasjon	-Ha evne til å ta imot ein beskjed og kunne gjennomføre beskjeden	«Være Sammen» Autoritativ vaksne
Relasjonskompetanse	-Ha evne til å sjå andre barn på ein positiv måte -Ha evne til å vise omsorg og empati	«Være Sammen» Autoritativ vaksne

Språk:

MÅL	INNHALD	Arbeidsmåte, forslag til opplegg
<p>Kunna lytta, observera og gi respons i gjensidig samhandling med barn og vaksne</p>		<ul style="list-style-type: none"> - dele barna i mindre grupper, alle blir sett og høyr - den vaksne må vera aktivt lyttande til det barnet seier, og gje barnet gode forklaringar - den vaksne vera bevisst på bruk av sitt eige kroppsspråk, talespråk og tekst - bruke forteljningar
<p>Vidareutvikle si omgrepsforståing og bruka eit variert ordforråd</p>	<p>La barna få kjennskap til omgrep som dyr, klede, kroppen, mat, møblar, preposisjonar, farger, spørjeord,</p> <p>Nytte bilete og tekst som utgangspunkt for samtalar / refleksjon / undring Uttrykke opplevingar med ord/begreper, i teikningar, musikk og drama.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - «Tett på» begreper - Snakkepakken - Språksprell - Høgtlesing - Bokkassar - Gi allsidige inntrykk og arbeida med uttrykk
<p>Bruke språket for å uttrykke kjensler, ønske og erfaringar</p> <p>Bruke språket til konfliktløysing</p>	<p>Den vaksne må hjelpe barna til å sette ord på ulike kjensler, ønskjer og erfaringar hos seg sjølv og andre</p>	
<p>Kunne formidle noko i gruppe/ vera i sentrum</p>	<p>La barnet få fleire høve til å vera i fokus og formidle noko til fleire andre</p>	
<p>Lytte til lydar og rytme i språket og bli kjent med talsiffer og symbol, songar, bøker, bilete</p>	<p>La skriftspråket vera synleg i barnehagen</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Rim og reglar - La barnet få erfaring med lesetrening og skriftretning - Vis rett skriveteknikk av bokstavar - Legge til rette for tekstskaping

TAL, ROM OG FORM – Femåringen bør erfare følgjande:

Mål ifølge Rammeplanen kap. 3.7 og kunnskapsløftets kompetansemål for 2. årstrinn

MÅL	INNHOLD	Arbeidsmåte/ forslag til opplegg
Matematiske omgrep Kjenne til og forstå før- matematiske omgrep	Alle preposisjonar, alle, nokre, ingen, fleire enn, færre enn, like mange, rounding, firkant, trekant, først, sist, i går, i dag, i morgon, først, sist, fram, tilbake, mange, få, stor, liten, tung, lett osv.	<ul style="list-style-type: none">- Turar / aktivitetar, gym- Bøker, forteljingar- Samle, sortere, ordne og samanlikne- Digitale verkty, kamera, data/ dataspel- Mattekassen- Rolleleik- Drama- Søylediagram, tal, målingar
Tal og teljing Opplive gleda over utforskning og leik med tal	Leike med talsymbol og gjenkjenne nokre	<ul style="list-style-type: none">- Telle i kvardagslege aktivitetar- Songar, rim og regler,- Mattekassen- Bevisst bruk av matematiske omgrep som t.d. former, størrelsar, mengde og rekkefølger- Spel og puslespel- Tellemateriell, klossar- Kalender, dato
Rom og posisjon Erfare plassering og orientering, og på den måten å utvikle sine evner til lokalisering	Vite kva som er t. d. først/sist/ midt imellom, over, under Kjennskap til vekedagar og årstider I leik og kvardagsaktivitetar få erfaringar med ulike måleiningar og målereiskap	<ul style="list-style-type: none">- Orienteringsleiker, bildeorientering og nærkart- Arbeide med avstandar, vekt, volum og tid, reflektere rundt dette- Kalender, vekedagar- Årstidene- Mattekassen
Form og mønster Gjenkjenne og nemne ulike former; sirkel, trekant og firkant. Erfare ulike størrelsar, former og mål, sortere	Erfare, utforske og leike med form og mønster. Gje barna impulsar og design ved å utforske, oppdage og skape ulike former og mønstre.	<ul style="list-style-type: none">- Eksperimentere med ulike former i ulikt formingsmateriell; kitt, sand, papir- Undersøke forskjellige former i omgivnadene, t. d. trafikkskilt, gjerder, vindauger, dører- Mattekassen

**SAMTYKKE SKRIV FRÅ FORELDRE
OVERGANG BARNEHAGE – SKULE**

Eg **samtykker /samtykker ikkje** til at informasjonen ut frå signert «Alle med» skjema blir overført frå

----- barnehage til ----- barneskule

Eventuelle vedlegg -----

Dersom skulen ønskjer å innhente meir informasjon etter skulestart
samtykker eg / samtykker eg ikkje til dette.

Heimen vert informert på førehand om dette skjer.

Dato:

Pedagogen si underskrift

Føresette si underskrift:

Kopi til føresette